

Notat

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Referanse
2014/2-3

Dato
02.01.2014

Kvalitetsmelding - løypermelding

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført skulebesøk ved Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole i november 2013. Ved Bergen maritime fagskole vart også årsmeldinga for studiestaden Austevoll gjennomgått. Ved Bergen tekniske fagskole var det ein gjennomgang av årsmeldinga for hovudeininga og studiestaden Voss. Av di representantar frå Hjeltnes og Fusa ikkje hadde høve til å delta på møtet, vart det ikkje sett på årsmeldinga for arborist og akvakultur. Det vert sett opp nye møte for gjennomgang av årsmeldingane for desse tilboda. Det var ikkje mogleg å finna høveleg møtedato for skulebesøk ved Fusa fagskule før 3. januar 2014.

På bakgrunn av dette vert ikkje kvalitetsmeldinga til fagskulestyret klar før til møtet i mars 2014. Likevel vil administrasjonen så langt peike på at skulebesøka som har vore gjennomførte syner at fagskulane arbeider godt med forbetring av kvaliteten i utdanningane. Fagskulane nyttar evalueringane frå studentane, lærarane og sensorane for å gjere naudsynte tilpassingar og endringar der dette er høveleg.

Det er starta eit arbeid med å evaluera og endre læreplanane for alle dei maritime og tekniske utdanningane i høve til nytt krav om læringsutbyttebeskrivingar. Det er Bergen tekniske fagskole som har tatt initiativ til dette arbeidet, og studiestadene vert sjølv sagt involverte. Bergen tekniske fagskole vil også samarbeide med Bergen maritime fagskole i høve til læreplanar innan emne som dei har felles, slik som realfaga og LØM-faga (leiing, økonomi og marknadsføring).